



## Referat frå elevrådsmøte for 5-7,

**Desse møtte:** Frøya Smådal-Gjertsen (5A), Lisa N. Lending (5A), Netsereab M. Habteyes (5B), Isabel J. Fauske (5B), Nora T. Leikanger (6A), Kristoffer H. Fitje (6B), Anna Belinda T. Areklett (6B), Emily J. Fauske (7A), Brage S. Lending (7B), Ariel M. Dåvøy (7B), Hilde S. Strandos (elevrådskontakt).

## SAKSLISTE

### Sak 1: Brettspel i friminutt

Gjennomgang av innspela frå førre møte:

Ynskjer å kunne spele brettspel inne (eller ute) i friminutta	
Argument FOR	Argument MOT
Brettspel kan vere eit alternativ på fredagar når det ikkje er TL-aktivitetar i matfri.	Det kan bli færre på TL-aktivitetane om ein kan nytte brettspel i alle friminutta.
Til bruk ute kan ein kjøpe store spel i plast som toler vær og vind.	Dei som meiner ein blir våte og kalde av å vere ute i friminutta: kan stille seg under tak ute.
Ein kan laminere kortstokkar og slik ta dei med ut utan at dei blir øydelagde.	Dersom det skal vere ute, kan det bli vanskeleg. Spel kan bli øydelagd, blåse vekk eller ein kan miste dei. Betre å vere inne.
Dersom ein har det som eit alternativ inne, slepp ein å bli våt og kald om det regnar ute.	Det er bra å få frisk luft i løpet av dagen og vere ute å bevege seg i friminutta. Med brettspel blir ein sittande endå meir.
Det kan vere eit bra tiltak for å skape fellesskap på tvers mellom elevane på mellomtrinnet.	

### Desse innspela kom frå klassane:

- **5A:** Vil ha brettspel ute i matfriminutta på fredagar (den dagen der ikkje er TL-aktivitet). I siste fri kan det vere vanleg aktivitet ute.
- **5B:** Hadde fleire argument for og mot
  - **For:** Spel kan vere lærerikt. Elevane kan lage spel. Ein kan halde til under tak. Ein kan ha spel med bevegelse. Med spel har ein noko kjekt å gjere på, og ein får eit betre tilbod i friminutta.
  - **Mot:** Kanskje det berre vil vere populært ei kort tid og så vil det bli gløymt.
- **6A:** 11 av elevane (ca. halvparten) ynskjer å kunne spele brettspel inne i matfri på fredagar.
- **7. trinn:** Dei fleste elevane på trinnet ynskjer brettspel som alternativ kvart friminutt. Synast det kan vere eit alternativ til TL-aktivitetane som nokre av dei eldste synast kan bli litt kjedelege. Forslag om å merke opp sjakkbrett ute og kjøpe inn store sjakkbrikker.

**Konklusjon:** Elevrådet drøfta saka med utgangspunkt i innspela som kom inn. Styret i elevrådet (Emily, Kristoffer og Nora) lagar saman med elevrådslærar eit forslag til korleis brettspelaktivitet i friminutta kan sjå ut. Når forslaget er klart, vil ein orientere elevråd og klasseråd om det slik at ein har moglegheiter for å komme med innspel, før forslaget vidare blir sendt til lærarane og rektor.



## Sak 2: Valfritt å dusje etter kroppsøvingstimane

Gjennomgang av innspela frå førre møte:

Ynskjer at det skal vere valfritt om ein vil dusje etter kroppsøvingstimane	
Argument FOR	Argument MOT
Ein mister mykje av friminutta pga dusjing.	Det er ekkelt og ubehageleg om ein går rundt og luktar sveitte etter ein kroppsøvingstime.
Dersom ein har kroppsøving i siste time, så kan ein la vere å dusje fordi ein skal rett heim – og då slepp ein å kjenne på andre si sveittelukt.	Ein kan oppleve at nokon ser rart på ein fordi ein kan lukte sveitte, og kanskje kjenner ein ikkje lukta sjølv.
Det er ubehageleg å dusje i ein garderobe saman med fleire.	Det er svært uhygienisk om ein ikkje dusjar etter ein kroppsøvingstime.
Så lenge det ikkje er dusjforheng eller veggjar er det ubehageleg med felles garderobe.	Det vil bli urettferdig om det blir slik at nokre dusjar, men andre ikkje.

### Desse innspela kom frå klassane:

Tilbakemeldingar/kommentarar frå klassane før ev. vidare arbeid:

- **5A:** Dei fleste synast det bør vere ein generell regel om at ein bør dusje etter kroppsøving.
- **5B:** Ein bør dusje, men det må heller ikkje vere slik at ein kommenterer kvarandre dersom ein ikkje dusjar og om nokon luktar – sjølv om det er ubehagelege. Det hadde vore fint med dusjveggjar eller dusjforheng i garderobane. Då hadde kanskje fleire dusja.
- **6A:** Halvparten synast ein skal dusje, den andre halvpart synast ikkje det. Kan t.d. vere ei ordning der ein ikkje treng å dusje når ein har siste time.
- **7. trinn:** Ein bør tenke på dei rundt seg når det gjeld det hygieniske. Sjølv i dei tilfella ein har gym i siste time, så er det mange som sit tett i buss for å komme seg heim. På 7. trinn trur dei at fleire elevar kjem til å dusje etter kroppsøvingstimane dersom ein får dusjforheng.

**Konklusjon:** Elevrådet drøfta saka med utgangspunkt i innspela som kom inn. Eit samrøystes elevråd ynskjer at ein skal halde fram med å oppmode til å dusje etter kroppsøvingstimane, og i staden vil ein i elevrådet gjere om saka. Elevrådet er samde om at ein vidare vil arbeide for å få plass dusjforheng eller dusjveggjar i garderoben, då ein meiner at fleire vil komme til å dusje. Vi er kjende med at elevrådet på ungdomstrinnet også har teke opp denne saka, og vil føreslå eit samarbeid med dei i denne saka.

### Sak 3: Saker frå klassane

5A:	Ynskjer større skap i garderoben eller at kvar elev har to skap. <i>(Må arbeidast med ved eit seinare høve).</i>
	Egge-dissa nærast basketballbana: bjelken knirkar/hoppar når det blir litt fart. <i>Hilde melder vidare til vaktmeister Johan.</i>
5B:	Ynskjer at det skal vere valfritt om ein er inne eller ute i friminutta. <i>(Må arbeidast med ved eit seinare høve).</i>
	Ynskjer valfag på mellomtrinnet: ein time der ein kan velje kva fag ein vil ha. <i>Hilde forklarar at skulen må halde seg til noko som heiter fag- og timefordeling, som seier noko om kva fag ein skal ha på dei ulike trinna og kor mange timar ein skal ha av kvart fag. Oppmodar elevane til å gå i dialog med lærarar gjennom klasseråd, der ein kan drøfte ulike arbeidsmåtar, temaarbeid m.m. som kan legge til rette for ulike måtar å arbeide med ulike fag på.</i>



6A:	<p>Ynskjer å ta opp slalom som alternativ på skidag. <i>Hilde orienterer om at det har vore drøftingar rundt dette på ungdomstrinnet og at elevrådet der skal starte ein prosess til hausten. Dersom ein ynskjer slalom som alternativ på mellomtrinnet, vil det vere avvente og køyre lik prosess som ungsomstrinne til hausten.</i></p>
	<p>Ynskjer å vite om caps/hette er lov. Ein opplev at nokre lærarar brukar tid på at alle må ta av hette/caps. <i>Viser til referat 19.12 der ein har konkludert med framhald. Hilde legg ved reglane under og vil legge dei ut som påminning til dei vaksne.</i></p>
7A+B	<p>Har ingen saker å melde inn utover at trinnet er svært engasjert i saka som gjeld gymgarderobane (dusjforheng/dusjveggar).</p>

#### Reglar for bruk av caps/hette:

- Sjølv om ein har på seg hette/caps, skal ansiktet vere vendt mot der undervisninga føregår. Dvs. at ein ikkje skal «gøyme» seg ned i armar eller bordet.
- Om ein har på seg hette, skal den vere open. Det betyr at ein t.d. ikkje skal «snurpe» att hetta med snorer.
- Om ein har på seg caps skal bremmen vere oppe og ikkje dratt ned framfor ansiktet slik at ein ikkje ser det. Ein kan også ha capsen bak-fram.
- Dersom ansiktet på noko vis blir tildekt av hette/caps, kan lærar be om at ein tek den av. Då skal ein rette seg etter den beskjeden.

Beste helsing

Nora Taule Leikanger  
Referent

Emily Jensen Fauske  
Elevrådsleiar 5-7

Hilde Sognnæs Strandos  
Elevrådskontakt 5-7